

IVAR IKS  
Postboks 8134 Postterminalen  
4069 STAVANGER

Vår dato: 29.08.2018  
Vår ref.: 201200282-119  
Arkiv: 313  
Dykkar dato:  
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:  
Bård Andreas Selstad Ottesen  
22959528 / baso@nve.no

## **IVAR IKS – Søknad om løyve til uttak av drikkevatt frå Birkelandsvatnet, samt samtykke til oreigning av rettigheter og samtykke til førehandstiltreding, Bjerkreim kommune i Rogaland - oversending av NVE sitt vedtak**

Vi syner til søknad frå IVAR IKS datert 02.11.2015.

Vedlagt oversender vi NVE sitt løyve til uttak av drikkevatt frå Birkelandsvatnet med tilhøyrande vilkår. Løyvet er gitt i medhald av § 8 i vassressurslova. Det er vidare gitt samtykke til ekspropriasjon av naudsynte rettar etter oreigningslova § 2, nr. 47 for gjennomføring av tiltaket, samt samtykke til allmannastevning etter oreigningslova § 20.

Ei nærare grunngjeving for løyvene er gitt i vedlagt KI - notat 12/2018 - Bakgrunn for vedtak. Vi syner til merknader til vilkåra i dette notatet for krav til utforming av anlegget.

Vi understrekar at løyvet etter vassressurslova gjeld uttak av drikkevatt og betydinga dette har for dei allmenne interessene i vassdraget.

NVE sitt samtykke til oreigning fell bort dersom IVAR IKS ikkje har satt fram krav om skjønn innan eitt år etter at samtykket er gitt, jf. oreigningslova § 16. Vi viser elles til oreigningslova § 20 når det gjelder framgangsmåte for stevning til skjønn i denne saka. Det er søkt om rett til førehandstiltreding etter oreigningslova § 25. I tråd med vanleg praksis vil NVE ikkje gi slikt løyve no, då det ikkje synes å føreligge særlege forhold som tilseier dette. NVE vil vurdere å gi slikt løyve når det eventuelt vert sett fram krav om skjønn.

Vi viser elles til NVE sine rettleiarar 2 og 3 frå 2013 "Rettleiar til forskrift om internkontroll etter vassdragslovgjevinga." og "Veileder for utarbeidelse av detaljplan for miljø og landskap for anlegg med vassdragskonsesjon" som er å finne på <http://www.nve.no/miljotilsyn>. Vi understrekar at anleggsarbeid ikkje må setjast i gong før planane for arbeidet er godkjent av NVE. Vi minner også om at tiltakshavar må sjå til at planane er i samsvar med kommunal reguleringsplan og/eller arealplan.

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

**Hovedkontor**  
Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

**Region Midt-Norge**  
Vestre Rosten 81  
7075 TILLER

**Region Nord**  
Kongens gate 14-18  
8514 NARVIK

**Region Sør**  
Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

**Region Vest**  
Naustdalsvegen. 1B  
6800 FØRDE

**Region Øst**  
Vangsvæien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR

### Om klage og klagerett

Denne avgjerda kan klagast på til Olje- og energidepartementet av partar (grunneigarar, rettshavarar og konsesjonssøkar) og andre med rettsleg klageinteresse (hovudsakleg organisasjonar som representerer dei interesser som saka vedkjem). Det normale er innan tre veker frå det tidspunktet underretninga er kome fram til partane, jf. forvaltningslova kapittel VI, men på grunn av ferieavvikling vert fristen sett til 7. september 2018. Ein klage skal grunnjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast til NVE. Vi ønskjer elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no).

Med helsing

Rune Flatby  
avdelingsdirektør

Gry Berg  
seksjonssjef

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*

Vedlegg: Vassdragskonsesjon for uttak av drikkevann fra Birkelandsvatnet  
KI-notat 12/2018

Kopimottakarar utan e-post kan laste ned vedlegga på våre nettsider: [www.nve.no/konsesjonssaker](http://www.nve.no/konsesjonssaker).

Kopi til:

Bjerkreim Bondelag v/Bente Gro Slettebø  
Bjerkreim Elveeierlag SA  
Bjerkreim Jeger- og fiskeforening, v/John Skårland  
Bjerkreim kommune  
Bjørn Tore Birkeland  
Bore Bondelag v/Jon Tore Refve  
Dalane Eiendomsselskap AS  
DALANE ENERGI AS  
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard  
Egil Aastad  
Einar Ivesdal  
Fylkesmannen i Rogaland  
Gjesdal Bondelag  
Gjesdal kommune  
Gunnhild Vassbø  
Haver Advokatfirma AS v/Endre Skjørestad  
Heimstadnes hyttefelts velforening  
Inge Hedenstad Stangeland  
Iselin og Kjell Sølve Helland



Ivar Are Veen  
John Magnus Espeland  
Josef Malmei  
Julian Egeland  
Klepp Bondelag  
Magnus Sundvor  
Olaf Gjedrem  
Rogaland fylkeskommune  
Sandnes bondelag  
Statens Vegvesen - region vest  
STAVANGER BONDELAG  
Sunniva Veen  
Svein Solberg  
Time Bondelag  
Tollef Ivesdal  
Tollef Malmin  
Tor Aksel Ramsli  
Tor Gunnar Gjedrem  
Torbjørn Ivesdal  
Tore Malmei  
Velle Agnar Espeland  
Øyvind Espeland